

Europaparlamentet drøfta Facebook-skandalen

19. april 2018

- *Brei semje i Europaparlamentet om at Mark Zuckerberg må kome til Brussel for å forklare seg*
- *Stor semje om at det nye personvernregelverket (GDPR) som trår i kraft 25. mai er positivt, men samstundes krav om framgang i Rådet i drøftingane av kommunikasjonsvernforordninga og cybersikkerheitforordninga*
- *I tillegg til personvern var mange også opptatt av effektane for demokratiet av sosiale media og målretting av informasjon.*

Mark Zuckerberg må forklare seg for Europaparlamentet. Det var det tverrpolitisk semje om da Europaparlamentet i går drøfta Facebook og Cambridge Analytica skandalen. I tillegg til ein personvernskandale, handlar saken også meir grunnleggjande om korleis demokratiet blir påverka av sosiale media. Mange sa seg glade for at EU har vedteke eit strengt personvernregelverk som skal trå i kraft om kort tid og som også land utanfor EU nå ser til. Samstundes var det fleire som meinte det var behov for meir lovgjeving.

Det bulgarske EU-formannskapet og justis- og forbrukarkommissær Věra Jourová viste til at Europakommisjonen og artikkel 29-komiteen (eit samarbeidsorgan mellom nasjonale datatilsyn) følgjer utviklinga nøye. Det er oppretta ei særskilt arbeidsgruppe for sosiale media under denne komiteen. Det europeiske råd drøfta saken på sitt møte mars. Jourová har bedt om klargjeringar frå Facebook og rekar med at Facebook vil samarbeidet fullt ut med europeiske styresmakter. Dei som er ramma av skandalen må få meir informasjon og Zuckerberg må kome til Brussel og forklare seg for dei relevantet komiteane i Europaparlamentet. Visepresident i Kommisjonen med ansvar for den digitale indre marknaden, Andrus Ansip, møtte Zuckerberg i San Fransisco 17. april.

Jourová sa det er viktig å lære av skandalen. Om det har kome noko positivt ut av den så er det at europeiske forbrukarar har vorte meir medvetne om personvern og at EUs personvernreglar (GDPR) er vorte kjende både i og utanfor Europa. Skandalen blir følgd opp på tre måtar – vidare arbeid med personvern, fokus på effektane av sosiale media og stordata for demokratiske prosessar og endeleg vurdering av om det har skjedd noko kriminelt. Både irske og britiske styresmakter har starta undersøkingar for å avdekke det er tilfelle.

Det er ein viktig milepæl når GRPR trår i kraft 25. mai. Dei nye reglane omfattar klare krav til samtykke, retten til å ta med seg data og styrkar tilsynet med verksemdene. Det er viktig at verksemdar med forretningsmodellar basert på handtering av store mengder persondata rettar seg etter reglane som blir innført 25. mai. Framlegget til ny kommunikasjonsvernforordning (eprivacy) vil ytterlegare skjerpa krava. Kommisjonen ser også Facebook-skandalen i samband med andre nye initiativ knytt framover. Dette omfattar ein rapport om den digitale indre marknaden som kjem i mai, arbeidet med retningslinjer som skal hindre hatefulle ytringar og ei melding om kunstig intelligens som kjem seinare i vår. Medan tradisjonelle media er underlagt strenge krav og reguleringar, er det færre krav til nye media. Jourová understreka at Kommisjonen ikkje har tenkt å innføre mediesensur, men at det er viktig å sjå på korleis nye media gjer er mogleg å målrette falske nyheiter og spreie desinformasjon til enkeltborgarar.

Ei rekkje medlemmer av Europaparlamentet tok ordet i debatten som var prega av uvanleg tverrpolitisk semje. Det var eit generelt krav om at Zuckerberg må forklare seg i Europaparlamentet. Enkelte meinte det ga ei uheldig signal at Ansip hadde møtt han i USA framfor at Facebook-sjefen hadde kome til Brussel.

Mange trakk fram GDPR som vil bidra positivt til å styrke europeisk personvern. Mange var også glade for at andre delar av verda nå ser til EU for å bli inspirert i arbeidet med å styrke personvernet. Samstundes var ein del opptatt av at det truleg er behov for ytterlegare skjerpa reglar. Spesielt var det mange som etterlyste framgang i arbeidet med den nye kommunikasjonsvernforordninga og med cybersikkerheitsforordninga i Rådet. Ein del peikte på det paradoksale i at blant dei medlemmane av Europaparlamentet (MEP) som nå kritiserer Facebook, er det mange som tidlegare har vore kritiske til å skjerpe reglane av frykt for å skade forretningsmodellane til europeiske verksemdar. Dette gjeld også parlamentspresident Tajani som denne veka sendte brev til Zuckerberg og bad han forklare seg i Europaparlamentet. Kjende personverforkjemparar i Europaparlamentet som Sophia in 't Veld (ALDE, Nederland) og Jan Philipp Albrecht (Den grøne gruppa, Tyskland) var blant dei som kritiserte både andre MEP, medlemslanda i Rådet og Kommisjonen. Det er sett av for lite ressursar til tilsyn i mange medlemsland og Kommisjonen har ikkje følgd godt nok opp dommane frå EU-domstolen knyt til mellom anna datalagringsdirektivet og Safe Harbour-regelverket for utveksling av persondata med USA.

Til kravet om meir regulering vart det av fleire innvendt at det nå er viktig å sjå korleis GDPR fungerer og få informasjon om kva som faktisk har skjedd før ein konkluderer med at det er behov for nye og fleire reglar. Enkelte meinte ein burde sjå på korleis Facebooks monopol kan brytast opp. Det vart også påpeikt at det ikkje er rolla til Europaparlamentet å vere domstol – dersom det har skjedd noko ulovleg må det handterast av rettsapparatet.

Det var mange som også uttrykte uro for konsekvensane for demokratiet frå den digitale revolusjonen. Det vart vist til at ved både folkeavrøystinga om brexit og val i fleire land var det påstandar om manipulering og desinformasjon. Det er viktig å få grundige undersøkingar av kven som var klientane og kva som har skjedd. Dette er viktig for å hindre at demokratiet blir varig svekka på grunn av den nye teknologien og at den fører til meir polarisert debatt og populisme. Det er også viktig å styrke den kritiske sansen og mediakunnskapen hos innbyggjarane. Brexit-tilhengjarar understreka at resultatet i brexit-avrøystinga ikkje var påverka av desinformasjon og falske nyheiter.

Det bulgarske formannskapet så på slutten av debatten at kommunikasjonsvernforordninga er ei prioritert sak. Det er samstundes politisk og teknologisk komplisert å finne gode løysingar. Det er derfor behov for meir tid til drøftingar i Rådet, men målet er å kunne starte forhandlingar med Europaparlamentet så snart som mogleg. Det er også eit mål å komme fram til ein felles posisjon i Rådet for cybersikkerheitsforordninga i juni. Bulgaria viste også til at Kommisjonen har etablert ei høgnivågruppe som er på falske nyheiter og spreieing av desinformasjon. Dette er også tema for eit møte i Sofia i mai.

Kommentar

Europaparlamentet har hatt fokus på personvern i mange samanhengar dei siste åra. I tillegg til arbeidet GDPR og kommunikasjonsvernforordninga omfattar det diskusjonar om Safe

Harbour-avtalen og avtaler om data om flypassasjer og bankkunder og også personvern i samband med frihandelsavtaler. Det er derfor mange MEP som har god innsikt i problemstillingane på dette området og kanskje jamt over betre enn den innsikta enkelte kongressmedlemmer viste i høyringa av Zuckerberg. Trass enkelte nyansar, var det stor grad av semje om behovet for å sikre personvernet for EU-borgarane framover og også unngå negative effektar for demokratiet av ny teknologi. Europaparlamentet har i mange saker teke til orde for strengare personvernreglar og strengare krav til verksemdene enn Rådet har gått inn for. Facebook-skandalen vil neppe gjere Parlamentet mindre opptatt av eit strengt personvern framover.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no